



## Notat

Saksbehandler: Radøy kommune - Teknisk forvaltning/Kjersti Flatråker

Vår referanse: 14/291 - 26 / FE - 122, HistSak - 13/1551

Dato: 06.10.2014

### Emne: Trafikksikringsplan for Radøy - oppsummering av merknadar

Framlegg til revidert trafikksikringsplan for Radøy kommune var på høyring fra 13. mars til 15. mai 2014. Høyringsfristen vart forlenga til ut mai for å få med uttale i frå møte i samarbeidsutval.

Det er komme inn mange innspel og merknadar til planframlegget. Merknadane vert vurdert i det følgjande:

#### Kari Hafnor:

«Nyleg vart det laga eit etterlengta gangfelt ved Hesthøyen. Bra.

Saknar framleis eit gangfelt der folk må kryssa vegen ved Smith's selskapslokaler.

Fortauet er nedsenka, busstopp er på eine sida av vegen og legekontor, barnehage m.m på andre sida. Her er det ein del kryssing - kva med nokre kvite stripere?»

#### Vurdering:

Vegen er fylkesveg og Statens vegvesen har vurdert gangfelt. Dei ser det slik at det ikkje er nok trafikk, og at eit gangfelt skapar ei falsk følelse av tryggleik for dei som skal kryssa vegen. No er det montert varselskilt i gul og svart i tillegg til nedsenkinga. Tanken er at folk då ikkje berre går rett ut i vegen slik ein har tendens til å gjere i eit gangfelt. Om trafikken skulle auke mykje eller endre seg vil rådmannen be Statens vegvesen vurdere spørsmålet på nytt.

#### Gro Kolstad:

Kolstad har innspel til forbetrинг for mjuke trafikantar langs Toskavegen ut frå Manger til friluftområdet. Kolstad peikar på at mange køyrar fort på ei strekning som folk nyttar i samband med friluftsliv, bading og fiske. Gro Kolstad meiner at med enkle midlar kan ein leggje ein grusa sti langsetter hovudvegen og på den måten sikre fotgjengarane.

#### Vurdering:

Toskavegen er fylkesveg så ein må gå i dialog med Statens vegvesen om utbetring av tilhøve for mjuke trafikantar. Rådmannen vil innstille til at dette vert med på tiltakslista.

#### Jarnfrid Gunnarson:

Gunnarson peikar på trong for fortau frå kyrkja til oppkøyrsel Hesthaugen på Manger.

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

*«For å få ein betre heilskap og ei betre trafikkløysing, spesielt i høve til forgjengarane, burde det vore eit fortau frå buss-stoppet ved Hesthaugen og bort til Manger kyrkje.»*

**Vurdering:**

Radøyvegen er fylkesveg så det er Statens vegvesen som må stå for utbetring av tilhøve for mjuke trafikantar. Fortau er med i reguleringsplan for Manger sentrum. Rådmannen vil innstille til at dette vert med på tiltakslista.

**Hordaland fylkeskommune:**

*«For det første vil vi peika på følgjene av forvaltningsreforma frå 01.01.2010, der Hordaland fylkeskommune no har eit mykke større vegansvar enn tidlegare. Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen (SW) underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnettet, og med det har også SVV det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane. I dette arbeidet er det eit vesentleg element at det i dei kommunale trafikksikringsplanane framgår ei klår prioriteringssiste av aktuelle fysiske tiltak på vegnettet slik at fylkeskommunen og SVV kan legge denne til grunn for sine prioriteringar av trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet. Prioriteringslista vil slik sett vere førande for det arbeidet som vert gjort, og andre tiltak som vert meldt inn vil difor komme i andre rekke.»*

Det er i samband med omorganisering av ansvar for fylkesvegane gjort fleire endringar t.d. oppnemnd nytt politisk utval for arbeid med trafikktryggleik og HFK ber om at framlegg til trafikksikringsplan for Radøy tek inn dei nye tilhøva.

Hordaland fylkeskommune ber kommunen ta kontakt med Statens vegvesen for å få meir lokal statistikk for trafikktihøva i kommunen.

Fylkeskommunen ser det som positivt at folkehelse er del av planen og knytt til tema trafikksikring. Elles nemner fylkeskommunen at det er særslig positivt at planen legg vekt på haldningsskapande arbeid og ikkje berre fysiske tiltak.

**Vurdering:**

Radøy kommune vil prioritere tiltak og på fylkesvegane i kommunen og er klår over at prioriteringane vert tekne med i vurderingane Statens vegvesen gjer når dei skal prioritere prosjekt i kommunen.

Rådmannen vil innstille på at ein gjer endringar slik at dagens situasjon vert referert i planen.

Det er teke kontakt med Statens vegvesen for å få på plass meir fakta og statistikk om trafikktihøva på Radøy.

**Radøy arbeiderparti:**

**«Austebygda:**

**Kryss Valdersnesvegen-Trevegen:** Svingen der må utvidast. Svært smalt med tanke på bussen. Dette har vert oppe før til behandling.

**Trevegen:** Det er lagt ut fleire tomter på Renen. Er vegen berekna for så store kjøretøy dette medfører? Dette bør undersøkast og evt. utbetrast.

**Skjelvik Vkr. til Valdersnes:** Veglys. Med tanke på at dei som bur der ikkje har rett på fri skuleskyss. Elers er det mange som går den strekninga.

**Skoltedalen til Soltveit vkr:** Her må det kuttas ein del vegetasjon langs vegen. Veglysa står oppe i skogen og lyser svært dårlig ned på vegen.

**Soltveit vkr. til Straume:** Her hadde det vert fint med veglys i og med at mange går langs denne vegen.

*Heile Austebygd skulekrins bør betegnast som farlig skuleveg. Dette grunna svært mykje trafikk langs vegane.*

**Sletta til Manger:** Heile strekka gjennom Haukåsen bør leggast nytt dekke. Vegen er svært dårlig enkelte plassar, og dette kan skapa farlege situasjonar pga. høg trafikk.

**Bøvågen m/omegn:**

**Gradnatun til Rossnes:** Her bør det leggast nytt dekke på enkelte plassar.

**Kvalheim til Marøy:** Her bør det leggast nytt dekke på heile strekninga.

**Hordabø Skule til Barnehagen:** Her burde det vert veglys. Mangen ungar brukar denne vegen til og frå skulen. Kanskje det burde vert gangveg frå skulen til idrettsplassen.

**Manger:**

**Manger senter:** Her bør ein legga til rette for fotgjengarar. Fleire plassar er det lagt belegningsstein med forskjellige fargar, men usemja om dette betegnast som overgangar eller ikkje. Kanskje ein burde sett opp skilt i tillegg. Busstoppa bør ha universell utforming. I tillegg bør heile Manger senter leggast til rette for blinde og svaksynte. Med dette meiner vi spesielt dei steinane som er sett opp ved "forgjengaroverganger" som kan skapa skadar viss nokon går på dei. Lagt til rette for fotgjengarovergang mellom Legekontoret og Smiths pensjonat. Her går det ganske mykje folk over vegen frå busstoppet til legekontoret.

**Urhaugen:** Det er mykje utbygging i området Seifaldet, Urhaugen og Langhøyane. Det må leggast til rette for forgjengarovergangar i området. Kvar dag kryssar mangen ungar vegen mellom Langhøyane og til gangvegen som ligg på motsatt side av vegen.

**Helland:** Krysset på Helland er svært uoversiktlig. Dette kan føra til farlege situasjonar både med folk og bilar. Kanskje ein bør redusera fartsgrensa og skilta krysset betre.(ikkje alle er klar over at det er høgreregel i dette krysset.) Vurdera fjerning av privat mur som eit ledd i å gjera krysset meir oversiktlig.

**Sæbø:**

Vegen om Sæbø har mange høge skrentar som ikkje er sikra. Dette kan skapa farlege situasjonar. I tillegg bør krysset i Storheimstø utbetrast. Dette er eit særslag kryss når ein skal kryssa hovudvegen.

**Sæbø Skule:** Plassen man sett av ungane på ved barnehagen er alt for trang. Er mykje bilar innom og det er og det kan føre med seg ein viss risiko med bilar som kjører mens andre sett av ungar. Kanskje det bør lagast ein parkeringsplass for dei som leverer i barnehagen.

**Diverse:**

Ein må også ta med flaumfarene langs vegane. Til dømes vegen gjennom Hålandsdalen og ved Kjeset. Kanskje gjera noko med problemet i staden for å setta opp eit skilt med Flaum kvar gong det regnar. I Hålandsdalen er det mangen bruer som bremsar vassføringa på den flatteste delen ved utløpet, og ved Kjeset er utløpet grodd igjen. Ein del av dette er nok nemnt i utkastet til Trafikksikringsplanen, men har no tatt dei med likevel i og med at Radøy Arbeiderparti ser på desse som svært viktige.»

Vurdering:

**Kryss Valdersnesvegen-Trevegen.** Svingen der må utvidast. Står på tiltakslista.

**Trevegen:** kommunevegen er ikkje berekna for store kjøretøy.

**Skjelvik Vkr. til Valdersnes:** Kommunen skal sjå på veglys generelt.

**Skoltedalen til Soltveit vkr:** Dette er fylkesveg og kommunen skal gje SVV beskjed om at det trengst rydding for å få effekt av veglysa.

**Soltveit vkr. til Straume:** Fylkesveg, veglys skal vurderast, men vert ikkje prioritert.

Kva som skal klassifiserast som svært farleg skuleveg skal vurderast av eige utval.

**Sletta til Manger:** Trong for nytt dekke. Me gjev innspel når SVV varslar kva som skal gjerast neste år.

**Bøvågen m/omegn:**

**Gradnatun til Rossnes:** Behov for nytt dekke på enkelte plassar er meldt til SVV.

**Kvalheim til Marøy:** Trong for nytt dekke. Me gjev innspel når SVV varslar kva som skal gjerast.

**Hordabø Skule til Barnehagen:** Veglys vert prioritert. Gangveg frå skulen til idrettsplassen skal inn i plan.

**Manger:**

**Manger senter:** Hordaland fylkeskommune, SVV, Skyss og Nobina har vore på ynfaring. Reguleringsplan legg opp til flytting av kollektivhaldeplass og universell utforming. Arbeidet skal prioritast. Fotgengarovergang mellom Legekontoret og Smiths pensjonat er vurdert.

**Urhaugen:** SVV har fått melding om ynskje om forgjengarovergangar mellom Langhøyane og til gangvegen som ligg på motsatt side av fylkesvegen. Me sett det høgt på lista.

**Holland:** SVV vert utfordra på å redusera fartsgrensa og skilta krysset betre. Fjerning av privat mur som eit ledd i å gjera krysset meir oversiktlig, skal vunderast nærmare .

**Sæbø:**

Vegen om Sæbø er ikkje prioritert. Krysset i Storheimstø skal utbetrast. Er del av områdeplan.

**Sæbø Skule:** Parkeringsplass for dei som leverer i barnehagen vert ikkje prioritert, men ein skal sjå på heilskapen på ny.

**Diverse:**

Flaumfaren langs vegane vert varsle SVV.

**Jan Tore Hvidsten:**

«*Eg ynskjer at det innspelet som kom frå Marås Grendalag til gjeldane trafikksikringsplan vert teken med no når planen skal rullerast. Tiltaka som er i gjeldande plan må takat med i den nye planen. Dette gjeld spesielt strekninga Marås Manger. Hallandsbrua har ikkje vorte betre i dei åra som har gått og trafikken har auka. Halland og Sævdalsbygda har hatt ei svært positiv folketalsutvikling med mange småbarnsfamiliar. Dette synest eg er viktig å ta med når planen skal rullerast og tiltak skal prioritast. Vil og nemna at at eg har eit mindre område på Halland som er sett av til bustadområde.»*

Vurdering:

Brua øve Hallandsvatnet og sikringsarbeid ved Sævdal står på tiltakslista.

**Robert Mjøs:**

Mjøs peikar på at ein grus sti (bankett) på ca 0,7-1 meter kan vere eit trafikksikringstiltak somme stader.

Vurdering:

Det er ein god ide å få til betre kantar på vegane for å sikre mjuke trafikantar. Toskavegen er nemnt og den bør prioritast i denne omgang då det er turveg for mange til badepass, friområde og fiskeplassar.

**Manger skule, samarbeidsutvalet:**

«*Alle heimar hadde fått info om at trafikksikringsplanen var ute til høyring med høve til å koma med innspel til FAU-leiar før møtet i SMU. Planen var også lagt ut på Manger skule si heimeside.*

1. *Langhøyane på Manger: her er det litt tilfeldig kvar ein går over/spring over vegen. Mange born går her til/frå skulen og til/frå ulike fritidsaktivitetar. Trengs fortau eller fartsdumpar.*
2. *Hollandskrysset står på 6. prioritet. Ynskjer høgare prioritet.*
3. *Gang- og sykkelvei sentrum-Solend. Birkeland-Holland + veglys.*
4. *Utbetring av tilhøva kring avlevering og henting av skuleborn ved Manger skule – mange farlege situasjonar gjennom året, særleg om vinteren når det er mørkt og glatt.*
5. *Utbetring av parkeringstilhøva for personalet, foreldre og andre besøkjande. Kan ein få vekk og planera ut litt i sør-austre delen av myra ved skulen si innkøyrsle? Kva med myra på andre sida av vegen?*

6. *Gjerde mellom skuletomten og hovudvegen (sør for rundkøyringa). Mange både born og vaksne nyttar ein snarveg frå rundkøyringa istadenfor å bruka gangfeltet litt lenger nede – farlege situasjonar oppstår trass brev til heimane og samtalar i klassane.*
7. *Førebygging: politiet har i alle år bortsett frå 2013 delteke på skulen sin sykkeldag. Me har fått signal på at dette har dei ikkje kapasitet til lenger. (På skulen sin sykkeldag like etter dette møtet møtte dei likevel opp saman med representant frå Trygg Trafikk og Brannvernet, så det kan henda det ordnar seg likevel). Skulen vil følgja dette opp i åra framover.*
8. *Viser for øvrig til hovudmålet i planen på s. 11: Skuleborna skal ha trafikksikre skulevegar på Radøy.»*

Vurdering:

1. Toskavegen går forbi bustadfeltet på Langhøyane. Dette er fylkesveg og kommunen må gå i dialog med Statens vegvesen for å få til tiltak her. Det ligg fotgjengarfelt i reguleringsplanen for Urhaug så rådmannen vil innstille til at dette vert høgare prioritert på tiltakslista.
2. Rådmannen vurderer at Hellandskrysset er veldig uoversiktleg. Bussen stoppar midt i krysset og for skuleborn som skal med bussen er situasjonen særleg trafikkfarleg. Rådmannen vil innstille til at utbetring av krysset vert prioritert høgare på tiltakslista.
3. Gang- og sykkelveg sentrum – Solend og sentrum mot Birkeland og Hella ligg ikkje i reguleringsplan, anna enn i krysset nord for kyrkja og ein liten stubb nord for prestebustadtomta. Rådmannen vil innstille til at tiltaka vert teke med på lista over det som skal planleggjast.
4. Innkjøring til Manger skule skal vurderast og forbetraast i samband med bygging av ny gымsal.
5. Avlastningsparkering Manger skule kan skje på parkering ved Toskavegen.
6. Gjerde skal vurderast.
7. Trafikksikringsplanen skal sendast politiet og Trygg trafikk.
8. Trafikksikringsplanen skal ha fokus på trygg skuleveg.

**Torill Myrtveit og Janniche Helland:**

Myrtveit og Helland er bekymra for trafikksituasjonen i Hellandskrysset. Krysset som ligg på ein bakketopp har vegar som møtast med stor trafikk. I tillegg stoppar bussen midt i krysset.

Vurdering:

Rådmannen vurderer at Hellandskrysset er veldig uoversiktleg. Bussen stoppar midt i krysset og for skuleborn som skal med bussen er situasjonen særleg trafikkfarleg. Rådmannen vil innstille til at utbetring av krysset vert prioritert høgare på tiltakslista. Det er gjort framleg om at ein kan få grunn til å ta ned mur og grave av litt inn i hagane som ligg inn mot kryset. Må skje i dialog med VV.

**Austebrygd skule, FAU:**

*Trong for parkeringsplassar gjev ein kaotisk situasjon ved henting og bringing.*

*-Før nedkjøringa til Valdersnes når ein kjem sørfrå, ønskjer me fotgjengarovergang, eit meir synleg skilt som varslar om skule/skuleborn, samt fartsdump før fotgjengarovergangen.*

*-I motsatt ende av innkjøringa ønskjer me også her eit meir synleg skilt, fotgjengarovergang, samt fartsdump. I tillegg ønskjer me fartsgrena nedsett til 30 km/t innanfor dette området.*

*Viser til innteikna fotgjengarovergang og fartsdumper på vedlagt kart.*

*På strekninga frå Austebrygd skule til Valdersnes og frå skulen til Ystebørenen er det ingen av skuleborna som har meir enn 4 km skuleveg slik at dei har rett på skuleskyss etter 2. klasse. Me synes ikkje denne vegen er trygg nok å ferdast på som gåande eller syklande for desse borna. Også for bussreisande ser me at farlige situasjoner lett kan oppstå i forhold til plassering av bussstoppet i krysset ved Stølane. Borna har ingen naturleg plass å stå, det er midt i ein sving og i bakke. Det er*

*dessutan uoversiktleg for borna som kjem syklande og gåande frå Ystebørenen når bussen stoppar der. Me ønskjer difor:*

*-At busshaldeplassen i svingen/vegkrysset ved innkjøringa til Ystebørenen vert flytta lenger opp mot Stølane. Her er det allereie ei naturleg lomme for borna som skal ta bussen, men eit busskur er absolutt ønskjeleg.*

*-Frå krysset der vegen går til Skjelvik, ønskjer me veglys ned til Valdersnes.*

*-Rassikring på strekninga frå krysset ved Stølane til Ystebørenen.*

*-Meir veglys på strekninga frå krysset ved Stølane til Ystebørenen.*

*Med desse tiltaka meiner me at at det blir tryggare skuleveg for borna våre, slik at me føler oss tryggare på å la borna våre kan gå eller sykle til skulen som me meiner er svært viktig ifht folkehelseperspektivet.*

#### Vurdering:

Parkeringsplass for dei tilsette er no ferdig og vert teken ut av planen.

Vegen forbi skulen er fylkesveg og ansvaret for denne har fylkeskommunen og SVV. Sikringstiltak, fartsreduserande tiltak og betre skilting

Flytting av busshaldeplassen i Stølane vert satt inn i tiltakslista.

Veglys frå Skjelvik til Valdersnes og veglys frå Stølane til Ystebørenen skal vurderast.

#### **Bø barnehage, samarbeidsutvalet:**

*«Su i Bø barnehage ønskjer at trafikksikringsplanen til Radøy kommune må ta med gangfelt og/eller fartsdumper + veglys frå krysset ved Nordbøvegen og ned mot barnehagen. Mange held ikkje fartsgrensa ned mot barnehagen og det har vert ein del uønska episodar grunna dette. Det er ikkje trygt for dei som går med barna sine til barnehagen slik det er i dag.*

*Det bør og kome lys som lyser opp på parkeringsplassen utanfor barnehagen. På vinterstid når det er mørkt og uoversiktleg, så lys på parkeringsplassen vil vere eit god førebyggjande tiltak.*

*Det bør og takast med å lage ny eller utbedra parkeringsplassen utanfor barnehagen. Her bør det bli fleire parkeringsplassar, då dei få som er der er tatt av leigetakara i kommunehuset. Det bør og vere oppmerka parkeringsplassar slik at ein på best mulig måte kan nytta plassen.*

*Mange parkerer « i front ned mot barnehagen», og såleis stengjer vegen inn mot trygdeboligane. Her bør det komme ein eller anna form for stoppar.*

*Su ønskjer og at ein tek med gangfelt frå barnehagen- til skulen- ned bakken mot Gradnatun og opp mot Hordabøhallen. Barnehagen har pr.idag bergensa turvegar då det vert for utsikt å ta barna med på tur ned den vegen.»*

#### Vurdering:

Veglys er med i tiltakslista.

Parkeringsplass for bhg skal med i områdeplan for Bø og det er tenkt ei rundkjøring for levering.

Veglys vert vurdert.

Gangfelt langs hovudvegen skal med i områdeplan. Dette er fylkesveg, men kommunen setter det opp på prioriteringslista.

#### **Sæbø barnehage, samarbeidsutvalet:**

*«Parkeringsstilhøva i barnehagen ved bringe og hente situasjoner. Om morgen og ettermiddagene er det stor trafikk i vegen utanfor porten til barnehagen. Det er få eller ingen oppmerka parkeringsplassar, noko som gjer at føresette parkerer langs barnehagens gjerde i einvegskjørt veg mellom barnehagen og skulen. Her vert det fort uoversiktleg med barn og føresette både til fots og i bil. Vi voner det kan sjekkast ut om det er noko som kan gjerast for å betre tilhøva og redusere potensielle faresituasjoner.»*

#### Vurdering:

Et vart for ei tid tilbake satt opp skilt med einvegskøyring og og busshaldeplassen vart flytta. Det er no tid for å evaluere situasjonen og sjå om ein kan gjere tilpassingar/endringar. Dette kan ein gjere uavhengig av trafikksikringsplanen, men rådmannen går inn for at ein setter det på tiltakslista slik at det vert prioritert.

#### **Hordabø skule, samarbeidutvalet:**

SMU v/ Hordabø skule har hatt møte og har følgjande kommentarar til trafikksikringsplanen:

SMU meinar det er dårlege skulevegar frå Vågenes og frå Rikstad. Her må det vurderast sikringstiltak, eller å erklære vegen som særleg farleg skuleveg, med rett til gratis skuleskyss.

SMU ser det som ein risiko at det ikkje er overgangsfelt frå skulen til byggefeltet, og ynskjer også fortau i byggefeltet. Det same gjeld frå skulen og ned mot barnehagen. Bilar kjem fort, og vegen er smal.

Elevane meiner strekninga frå skulen og til Grandatun er spesielt farleg om vinteren, og at krysset ved Grandatun treng utbetring. Ser at dette er med i planen, og det er bra. Det er også ynskjeleg med gangveg.

Elevane er også godt nøgd med at det ligg i planane opplyst gangveg til Hordabøhallen, og at det skal kome meir lys på vegane ved skulen.

#### Vurdering:

Løysingar for mjuke trafikantar vert lagt inn i områdeplan for Bø. Planområdet dekkjer nokre av dei problemområda som vert tekne opp; frå skulen mot byggfeltet, frå skulen mot Grandatun, frå skulen mot Haugland.

#### **Statens vegvesen:**

SVV peikar på at det er viktig å få inn fakta om lokale tilhøve og tilbyr seg å hjelpe med å finne fram ulukkesstatistikk.

SVV kommenterer at det er feil i framstillinga av deira og fylkekommunen sine oppgåver når det gjeldt fylkesvegane.

Prioritering av fysiske tiltak bør ha ei grunngjeving.

#### Vurdering:

Rådmannen har bestillt tal for ulukkesstatistikk slik at det kjem med i planen. Avsnitt om fylkekommunen og SVV sine rollar vert oppdatert.

Rådmannen vil grunngje prioriteringane ut i frå det styringsgruppa har prioritert t.d. med satsing på trygg skuleveg. Dette må omhandlast i dokumentet.

#### **Prestmarka barnehage:**

«*Samarbeidsutvalet i Prestmarka barnehage hadde møte tysdag 20.05.14 og gjorde vedtak om å sende følgjande uttale i høve Trafikksikringsplan.*

- *Positivt at det er tatt inni planen at ein skal drive opplæring i barnehage og skule.*
- *Ved avdelinga på Dale : stygg og uoversiktleg tilkomst – er og vanskeleg for barnehagen å gå tur i nærmiljøet – ikkje fortau/gangvei langs riksveg i nokon retning. Håpar noko kan gjerast med det dersom ein skal fortsetja å ha barnehage der.*
- *Ved avdeling Solhall : Ynskje om fartsdumpar inn mot legekontoret – stor trafikk spesielt på morgonen.*

- *Ved hovedbarnehagen: stor trafikk av både bilar – bussar og gåande på morgen og ettermiddag. Bør endre kjøremønsteret i senteret slik at ikke t.d all buss trafikk går gjennom og forbi barnehagen.*

Vurdering:

Avdelinga på Dale driv i Dale grendahus. Innkjøringa bør utvidast noko slik at det vert plass til 2 bilar samstundes. Rådmannen vil sjå på om det er mogeleg å få til ei grind som kan nyttast for å komme ut på tur utan å måtte gå langs fylkesvegen.

Teknisk drift skal evaluere situasjonen ved Solhall og legekontoret.

Det er i reguleringsplan for Manger lagt inn anna kjøremønster i senteret. Fylkeskommunen skal sjå på kollektivhaldeplassen som i ny plan er tenkt flytta. Nye løysingar her vil betre situasjonen for barnehagen.

**Sæbø skule, FAU:**

- *Fartsdump m fotgjengarfelt v/nye grusparkeringsplass over ballbingen på skulen. Det må også opp stoppforbodeskilt - dette bør gjerast, barna spring over vegen, bilar parkerar oppå fortau, og når det er mørkt/regnar skapar det farlege situasjonar - kaos med bilar i den tida skulen byrjar kl. 08:00. Me vil ikkje ha nokon påkøyrd.*
- *Politikontroll inne i skuleområdet der foreldre leverer barna sine. Dette trur me kan fungera. (andre skular har uformelle politikontroller).*
- *Gratis skyss til barn på Vetås pga. farleg skuleveg, der det køyrer tungtransport til den største Industriområdeplassen i Radøy- (Radøygruppen).*
- *Gangfelt frå Vetås til Storheimstø.*
- *50 sone på Namtveit. Her er det også mykje skuleborn.*
- *Alle fotgjengarfelt i Austmarka bør merkast på nytt.*
- *Me i Fau synest det fungerar veldig fint v/rundkøyringa der det er skilta v/barnehagen, så det nyttar å setja opp skilt. Foreldre er flinke å retta seg etter skilta.*

Vurdering:

Rådmannen inntiller til at det vert teke ei evaluering av dei endringane som er gjort ved Sæbø skule og om dei fungerar som tenkt. Kan verte aktuelt med endringar og skilting. Dette er satt inn som nytt punkt i tiltakslista.

Politiet vurderer trong for kontroll, men rådmannen kan ta kontakt og høyre kva praksis det er rundt skuleområdet.

Fri skuleskyss for dei som har særleg farleg skuleveg skal vurderast særskilt.

På fylkesvegen er det SVV som set fartsgrensa.

Innspel om nymerking av fotgjengarfelt vert sendt teknisk drift.

**Radøy ungdosmsråd:**

Ungdomsrådet har som ei av sine oppgåver å komme med innspel til trafikksikringsplan for Radøy kommune. Saka vart diskutert i møte der sakshansamar møtte. Det vart satt fokus på trafikktryggleik generelt og tiltak spesielt. I sin uttale frå ungdosmsrådet legg dei vekt på kor viktig det er med haldningskapande arbeid.

Vurdering:

På tiltakslista i framlegg til ny trafikksikringsplan er det satt opp at ungdomsrådet og ungdosmskoordinatoren skal arbeide med haldningskapande arbeid for å redusere tal trafikkulukke.

**Born og unges representantar i plansaker:**

Trafikksikringsplanen vart diskutert i eige møte.

*Gruppa er samde i at planen bør ha fokus på born og unge, og der dei ferdast og då særleg på trafikktihøve rundt skular og barnehagar samt der dei utøvar fritidsaktivitetar.*

*Dale barnehage er ikkje ein eigen eining, men må omtalast som ein avdeling, rett side 18. Tilhøva på Dale er særst utfordrande, både for avkjørsle til riksveg rv 565 og for ungane når dei skal ut på tur.*

*På Sæbø skule kunne det vere eit ynskje at ein betre markerte bussen sitt areal. Det er eit problem at foreldre stoppar bilane sine her for å hente eller setje av ungane.*

*Gruppa peika på kor viktig det er at skulevegar, gangvegar og fortau vert vedlikehalde og brøtt. Det må vere gode tilhøve for gåande og syklande uansett årstid og ver slik at det er forutseieleg at dei trygt kan nytte same vegen uansett.*

*Skulane og barnehagane ligg i dei områda der det bur flest folk og trygge tilhøve her vil og gagne resten av befolkninga.*

*Mykje av trafikktryggleiksarbeidet bør ha fokus på haldningsskapande arbeid.*

*Side 21 Skrivefeil i punkt 4: Kvar vår.*

*Sett inn barnehagane i punkt 10. På foreldremøte kan ein ha fokus på bruk av bilbelte og sikring i bilen, både av dei vaksne og av ungane.*

**Vurdering:**

Konkrete tiltak er tekne med i tiltakslista. Skrivefeil og andre faktafeil skal rettast.

**Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne:**

I fellesmøte vart planframleggget presentert og diskutert.

Begge råda har teke framlegg til trafikksikringsplan til orientering.

**Vurdering:**

Teke til vitande.

**John Arne Husebø:**

Busstopp på Kartveit er flytta lenger nord. Det er ynskje om nytt veglys ved vegen ned til Ulvatn slik at det vert lys på busstoppet.

**Vurdering:**

Hovudvegen ved Kartveit er fylkesveg og SVV må utføre. Veglys skal vurderast av teknisk drift og eventuelt prioriterast frå kommunen.

**Hans Atle Svenheim:**

Svenheim ber om at det vert vurdert fatrsreduserande tiltak gjennom naustdalen, i Smedbrekka og til Uthaug.

**Vurdering:**

Dette er kommunal veg og teknisk drift vert satt til å vurdere eventuelle tiltak.

**Linn Lunde:**

Det er komme innspel om trøng for rassikring og veglys forbi Ystebøtræet på vegen mellom Renen og Stølane då denne nyttast som skuleveg.

**Vurdering:**

Det har vore synfaring og vegen er sjekke for ras. Veglys skal vurderast.

**Frode Mellingen:**

Mellingen har komme med innspel om veglys frå Halland til Solend.

Vurdering:

Veglys skal vurderast.

**Øystein Vågenes:**

Vågenes peikar på trøng for fartsdumpar i Prestmarkvegen for å få redusert farten.

Vurdering:

Dette er kommunal veg og teknisk drift vert satt til å vurdere eventuelle tiltak

**I spørretimen i kommunestyret 25.09.13:**

- Vil Radøy kommune ta initiativ til, og krevje at det vert fotgjengarovergang, gjerne opphøga, mellom gang- og sykkelvegen langs Fv410, og bustadfeltet Langhøyane? Ordfører svarte at dette må inn i trafikksikringsplanen.
- Kva for planar har politikarane i Radøy for å sikra den trafikkfarlege vegstrekninga mellom Mjøs/Straume/Soltveit og Austebygd skule? Er det planar om veksikring (fortau og sykkelsti) o.l.? Når skal planane gjennomførast?
- Kva tenkjer politikarane om å dekkja reiseutgiftene for alle elevane på denne strekninga så lenge vegen er så trafikkfarleg for elevane på denne strekninga? Frå evt når vil dette gjelda?
- Når det no blir ein auke i trafikk og parkering, på grunn av ny aktivitet i Hordabøheimen, er det da blitt gjort ein vurdering av trafikksikkerheten gjennom bustadfeltet, og har ein vurdert at sikkerheten ved å bringa og henta barn i Bø barnehage?

Det kom også innspill til trafikksikringsplanen i **formannskapsmøtet 12.09.13**

- Innspel om veglys med i revisjon av trafikksikringsplanen i Radøy, jf ordfører under skriv og meldingar i FS.

Vurdering:

Fotgjengarovergang på Langhøyane er med på tiltakslista.

Trafikkfarleg vegstrekning Mjøs/Straume/Soltveit og Austebygd skule er fylkeveg. Delar av strekninga vert endra til lokalveg om det vert utbygging av ny riksvegtrase. Tiltak rundt kulen er med i tiltakslista.

Fri skuleskyss må vurderast særskilt og er satt til eige arbeidsutval å sjå på på nytt.

Trafikktihøve rundt gamle Hordabøheimen, skulen, bhg og bustadareal på Nybø vert tekne med i områdeplan for Bø.

Vurdering av veglys skal gjerast og er med i tiltaksliste.

**Bø:**

Svar frå SVV på fleire spørsmål kring Bø:

«Statens vegvesen har nyleg gjennomført trafikksikringstiltak ved skulen då det i 2009 vart gjort vedtak om og gjennomført særskilt fartsgrense 30 km/t og 3 fartshumpar på strekninga langs skulen. Det er ikkje registrert trafikkulykker med personskade på fylkesvegen ved skulen i siste 10-årsperiode.

**1. Om gangfelt ved skulen**

*Det blir vist til at det ved skulen manglar gangfelt for skuleborn og andre. Vi går ut frå at søker her også har meint fortau, sidan det er vist langsgåande fortau i ein eldre reguleringsplan (1994).*

*Radøy kommune har den 9.8.2013 meldt oppstart av planarbeid for ny områdeplan for Bøvågen. Statens vegvesen har i uttale datert 30.9.2013 til oppstartsmeldinga gitt følgjande merknad med omsyn til gåing og sykling:*

*«Det er i oppstartsmeldinga ikkje sagt noko om kor mange nye bustader reguleringsplanen skal leggje til rette for. I føresegogene til kommuneplan for Radøy pkt. 2.4 går det fram at bustadområde ikkje kan takast i bruk før avkjørsle/kryss med busslommer og fortau/gang- og sykkelvegar, mellom anna trygg skuleveg, er opparbeidd i samsvar med reguleringsplan og krav sett i byggjeløyve.*

*Fortau er opparbeidd på eit kort strekk frå kyrkja og fram til Hordabø barneskule nord i planområdet. Ut over dette er det innanfor planområdet mangel på eit tilbod for mjuke trafikantar. Det må sikrast at born får trygg skuleveg og det bør leggjast til rette for eit tilbod til mjuke trafikantar på begge sider av fylkesvegen gjennom heile planområdet. Vi rår til at handbok 017, Figur C17: Tverrprofil Sa2 (alternativ 1) vert lagt til grunn for utforminga. Dette tilseier 10,5 meter vegbredde inklusive gang- og sykkelweg. Statens vegvesen ser det som viktig at desse tiltaka blir regulert inn i planen og vil vurdere krav til rekkefølgje når det ligg føre eit konkret planframlegg. I utgangspunktet må det likevel pårekna at det vil bli sett krav til realisering av trygg skuleveg og gang/sykkelweg frå nye bustadområde fram til barneskulen. Ein må også ta stilling til kvar ein skal etablere gode kryssingspunkt.»*

*Ulykkessituasjonen, lågt fartsnivå som følgje av fartshumper og liten vegbredde, samt liten trafikkmenge tilseier at det er låg sannsynlighet for trafikkulykker med alvorleg personskade. Områdeplanen vil gjere greie for framtidige løysingar og tiltak m.a. for mjuke trafikantar, og Statens vegvesen ser det som naturlig å avvente Radøy kommune si utarbeidning og handsaming av områdeplanen før evt. tiltak kan bli vurdert.*

## **2. Spørsmål vedk. flaumforhold ved Bø-elva**

*Dette spørsmålet er vidaresendt vår driftsseksjon Driftskontrakt 1203 Nordhordland for vidare oppfølgjing.*